

# Nye namn på gammal grunn

*Av Kristoffer Kruken*

*In Norway approximately one thousand dithematic names were coined in the years from 1870 to 1980. The coinage of new names was parallel to, and inspired by, the revival of old nordic names ('the nordic name renaissance') in the same period. Many of the new names had a full nordic character, e.g. Dagbjørg and Dagbjørn. Others were compounds of a foreign first element and a nordic second element, e.g. Dormund and Jonhild. The growth of new names was at its height in the period 1890–1915, and most of the names arose in coastal and urban areas in the western and northern parts of the country. Often parents took one element from their own name to mark family renaming in line with the old nordic variation system. The lower and lower middle classes take a much greater part in the coinage process than the higher classes. There is no systematic correspondence between the making of new nordic names and the written language of the region (nynorsk or bokmål), contrary to a thesis sometimes put forward in Norwegian onomastic literature.*

## **1 Innleiing**

For nokre år sidan skreiv eg ein artikkel om nylaga namn i norsk frå 1750 til 1949 (Kruken 2013). Resultata er seinare presenterte i ein større språkhistorisk samanheng (Kruken 2018: 336–38). Undersøkinga omfatta avleiing og samansetjing av alle slag, uavhengig av kva språk lagingselementa kjem frå. Dei latinbaserte suffiksa *-ina/-ine* og *-(i)us*, det franske *-ette* og norrøne ledd som *-frid* og *-stein* fekk same vekt og vart vurderte under eitt i geografisk og kronologisk lys. Eg

viser til artiklane for detaljar om utbreiing og formelle typar.<sup>1)</sup> Her vil eg berre nemne at nylaging i stor grad har vore eit kyst- og byfenomen, og at avleiing dominerer frå 1700-talet til langt framover 1800-talet. Først frå 1880-åra kjem nye toledda namn (variasjonsnamn) i fleirtal, i pakt med oppsvinget for nordiske eller norrøniserde namn generelt.

Men dei toledda namna hadde eit geografisk avvik. Dei var vanlegare på Sunnmøre enn det lagingsmønstra elles skulle tilseie. Utslaget var størst i 1890-åra og heldt seg fram til 1940-åra. Seine nylagingar er m.a. *Norgeir* på Sula 1943 og *Pergunn* i Ulstein 1949. Dei siste åra har eg kome over fleire slike namn på Sunnmøre og dessutan mange på Jæren, i Namdalen og i ytre strok av Sogn og Fjordane.

Denne lauslege registreringa voks fram til ein plan om å kartleggje heile landet for å sjå om førsteinstrykka heldt stikk. Hovudvekta ligg på tilfang og dokumentasjon (pkt. 3.1 og 3.2), men eg vil òg gå inn på familiesamheng og yrke (pkt. 3.3 og 3.4) for å sjå kven som gav namna, og korleis dei gjorde det – altså både eit sosio-kulturelt aspekt og eventuelle oppkallingsmønster i tillegg til geografi og kronologi. Eit viktig spørsmål i den kulturelle konteksten er om namna kan knytast direkte til målreisinga, eller om dei er frikopla frå målsynet til namngjevarane (pkt. 3.5).

## 2 Utval og arbeidsmåte

Hovudkjeldene er kyrkjebøker og folketeljingar. Når begge nemner same person, blir kyrkjeboka prioritert fordi ho ligg tettast på namnevalet og i grunnen er den einaste primærkjelda. Folketeljingane er opne fram til 1910 og dåpslistene i kyrkjebøkene fram til 1930. Kvaliteten er òg viktig. Eg har tidlegare klaga over alle feila i dei digitaliserte folketeljingane (Kruken 2012), og inntrykket dei siste åra har ikkje vorte betre. Det er enda eit argument for å setje kyrkjebøkene fremst. Eg har naturlegvis ikkje lese alle – da må det minst ein Drakenberg til –, men eg har gått gjennom eit stort utval med jamn fordeling over heile lan-

---

1) Elisabeth Jeremiassen tek opp same emnet under ein meir lokal synsvinkel i masteroppgåva *Dagfred, Enor og Belmar – nylagde mannsnavn i Nordland i perioden 1810–2007* (UiT – Norges arktiske universitet 2015). Oppgåva er klausulert og kan ikkje brukast her.

det. Tilfanget skulle vera representativt, sjølv om det ikkje er uttømmande.

Etter 1930 finst det ingen tilsvarande kjelder til fri bruk. Det gjer paradoksalt nok grunnarbeidet lettare for tida før 1930 enn etter. Ei uvurderleg hjelp til å finne både eldre og nyare namn er nettportalen */nb.no/nbsok/* (med framhald i */nb.no/search/*), som Nasjonalbiblioteket har oppretta og stadig byggjer ut. Basen omfattar aviser, blad, tidskrift og bøker i titusental frå alle sjangrar. Svært nyttige her er m.a. *Norsk Kundgjørelsestidende* (seinare *Norsk lysingsblad*), *Norges bebyggelse* (1954–58) for Agder, Rogaland og Trøndelag, *Norske gardsbruk* (1941–63) for Austlandet og ei rekkje yrkes- og personalhistoriske verk som *Norges Leger* (fleire utg.), *Norske skolefolk* (fleire utg.) og *Studentene fra ...* (årlege minnebøker ved 25- og 40-årsjubilea). Dertil kjem i særleg grad bygdebøker med gards- og ættesoge. Aviser gjev ofte ein nøkkel til heimfesting og datering av namn, og det same gjeld gravminne, adressebøker og skattelister. Desse kjeldene blir av plassomsyn ikkje førte opp i litteraturlista, men eg legg inn ein sporingsveg gjennom årstal og stad for alle konkrete døme.

Undersøkinga tek til i 1870 og følgjer utviklinga så langt nylaginga lever (ca. 1980). Det kom òg nokre nye namn før 1870, t.d. *Jorleiv* i Sør-Odal 1853 og *Kolbjørg* i Bergen 1868, men dei er så få at dei ikkje gjev grunnlag for generalisering.

Utvalet er styrt av etterledda, sidan det er etterleddet som både avgjer namnekarakteren og viser kjønn (meir under pkt. 3.2.1). Forledda er formelt og semantisk meir opne og kan brukast både i manns- og kvinnenamn utan skilnad. Det ser vi best i parnamn som *Dordis* (Langesund 1897) – *Dorfinn* (Bremsnes 1893) og *Lynghjørg* (Hillesøy 1913) – *Lyngolf* (Nordfold 1914), men heller ikkje i namn som *Digvard* (Roan 1872) og *Lauvfrid* (Finnøy 1915) ligg det noka avgrensing i forleddet. Desse namna har nok ein veikare historisk dåm enn t.d. *Dagbjørg* (Oslo 1896) og *Dagbjørn* (Oslo 1902) med to norrøne ledd, men eg tek dei med fordi det både er metodisk tvilsamt og i praksis uråd å skilje mellom ulike typar forledd.

Etterledda har ei overgangssone mellom norske (norrøne) og innlånte ledd. Ledda *-frid*, *-bjørg*, *-bjørn* og *-stein* (i denne forma) er udiskutabelt norske, medan t.d. *-fred*, *-vald*, *-vin* og *-ny* både har heimleg

og utanlandsk rot (pkt. 3.2.1). Eg reknar alle med til det norske tilfanget, om lag som Aasen gjer (1878: 54–55). For namn på *-ny* er det eit krav at forleddet må ende på ein annan konsonant enn *-n*. Namn som *Bjørgny* (Gulen 1913) og *Solny* (Stranda 1945) er såleis med, men ikkje *Kanny* og *Ånny* fordi dei ligg for nær den engelske typen *Fanny* og *Jenny*, der andrestavinga ikkje er leddet *-ny*.

Nye namn som står i ei eller fleire namnebøker før dei kjem i faktisk bruk, blir ikkje tekne med fordi dei kan stamme frå bøkene og såleis eigentleg ikkje er laga av brukarane. Eg har luka ut namn frå Aasen (1878), Støylen (1887), Huseby (1891, 1895) og Bru (1905, 1913). Dette er sentrale bøker som nådde mange. I forordet til den andre boka (1895) seier Huseby at det var selt fleire tusen av den første (1891) og derfor på tide med ei ny bok. Vågslid (1930) er ingen nyskapar, men interessant fordi han har ei mengd nye namn frå islandsk. Desse namna fekk stort gjennomslag i Noreg, og sjølv om dei i prinsippet ikkje var nylaga, verka dei ofte slik. Eg tek dei likevel ut.

Eit anna spørsmål er om dei nye namna alltid kjem frå bøkene. Det når vi aldri til botns i fordi vi ikkje veit kva kunnskap folk hadde, eller korleis dei gjekk fram. Eit døme: Er *Olrún* på Stadsbygda i 1932 henta frå Vågslid (1930) eller skapt av foreldra? Dateringa peiker mot Vågslid, men namnet kan like snart vera originalt. Truleg er utvalskriteriet for strengt, det vil seie at mange namn i praksis er nylaga, sjølv om dei har stått i ei namnebok. I andre tilfelle kan foreldra ha trudd at dei greip til eit røyntleg namn, særleg om begge ledda var godt kjende, t.d. *Dagbjørg* (Oslo 1896) og *Oddfinn* (Kongsberg 1911), men kjeldene viser at dei har laga det sjølve. Er forledda meir avstikkande, som i *Nikfred* (Ulstein 1906) og *Rasvald* (Ålesund 1898), vil nok dei fleste føle at dei har skapt noko nytt, og kjeldene gjev dei rett.

Islandske namn før Vågslid (1930), sjeldne norrøne namn (utan sogeheimel) før E.H. Lind (1905–15) og yngre svenske og danske namn blir rekna for nylaga når dei dukkar opp i Noreg, fordi kjeldesituasjonen gjer det lite truleg at folk visste om dei. Det er heller ikkje teke omsyn til namn på husdyr fordi originale namn sjeldan går frå dyr til menneske. Men det er interessant å sjå at ledd som *-frid* og *-hild* florerer i namn på husdyr av hokjønn og stundom viser seg først der. Det

kan av og til ha vekt ein umedviten idé, men sambandet er for veikt til at ein kan prioritere husdyrnamna.

Ei handfull namn kjem frå skjønnlitteraturen, t.d. *Vigliv* i romanen *Der suser skogen* (1935) av Per Hilleren. Namnet er registrert i Høyland i 1936 og på Stord i 1938. Hilleren var ein folkekjær forfattar, og lånevegen er innlysande. Slike namn er ikkje med.

Dersom eit nylaga namn dukkar opp to eller fleire stader same året, blir alle registrerte. Elles tel berre førsteåret, sjølv om neste tilfelle kjem alt året etter og i ein annan landsdel. Igjen er kriteriet strengt, men det er vanskeleg å nyansere det på noko haldbart grunnlag.

Skrivemåten er lagt nært opp til kjeldeformene, men eg slår saman variantar som vekslar i kjeldene og ofte har lik uttale, t.d. *Hil-/Hild-*, *Magn-/Mang(n)-*, *Nel-/Nil-* (begge av *Nils*), *-gar/-gard* og *-vall/-vald*. Likein er *-alf*, *-olf* og *-ulf* skrivne med *-f* etter uttale og rådande kjeldeform.

Framgangsmåten blir elles drøfta meir spesifikt under emna i bolk 3.

### 3 Materiale og resultat

#### 3.1 Enkeltnamn

Tabell 1 (neste side) viser kronologisk og geografisk fordeling i femårsbolkar pr. fylke. Fylkesnamna er forkorta, men står i vanleg rekkje frå Østfold til Finnmark og bør vera sjølvforklarande. Bergen er oppført for seg etter tidlegare fylkesstatus. Summen for fylka står nede og årssummen til høgre. Ei tilleggsline til slutt viser gjennomsnittleg år for alle namna i fylket.

Materialet omfattar 832 daterte og heimfesta namn, av dei 454 mannsnamn og 378 kvinnenamn. I tillegg kjem tre namn utan heimfesting: *Jørgny* i 1914, *Hjartsvein* i 1924 og *Solgunn* i 1936 (Bindal eller Trondheim?). Dei eldste funna er *Erny* i Førde, *Odolf* i Hof i Vestfold, *Selmar* i Ullensaker og *Tidevald* i Eiker, alle i 1870. Dei yngste er *Jomund* på Dovre 1970, *Eigunn* på Inderøy 1972 og *Giljar* i Hol i Buskerud 1978. På landsbasis aukar nylaginga jamt frå 1870 til eit toppunkt i 1895–99 (13 prosent av alle). Kring 1900 kjem det eit lite fall, men deretter står nivået nesten uendra i 15 år. Frå 1915 går prosessen stegvis tilbake – sterkast kring 1925 – og brenn ut i 1970-åra.

5-år	Øf	Ak	Os	He	Op	Bu	Vf	Te	AA	VA	Ro	Ho	Be	SF	MR	ST	NT	No	Tr	Fi	Sum
1870		4	4			3	5			1				1					1		19
1875	2		3	1		1	1	1	1	1	1		2		2	2			1		19
1880	1	1	4	3		2	5	1	1	2	2		4		2	3	1	4	5		41
1885	1			3	1	1	4		3	4	4	1	4		4	1	6	11	2	1	47
1890	1	3	13	3		1	1	2	2	5	4	1	6	3	3	7	5	9	4	1	79
1895	3	2	15	3	3	1	2	6	2	3	8	1	3	3	12	8	3	17	9	1	105
1900	1	1	10	4	1	2	2	1	2	4	5	2	7	6	5	4	4	12	7	4	84
1905	3	2	6	5	1	1	2	2	2	3	3	1	2	13	9	5	4	12	9		85
1910	1		2	2	1	3				1	20	3	5	6	5	7	6	10	14	5	91
1915										2	10	4	3	7	9	10	5	9	8	1	68
1920			1	3		1	1	1	1	1	4	6	1	13	8	3	7	11	4	1	66
1925			2		1	1	1	1			1	1	1	5	7	3	4	7	3	1	37
1930		1				4	1				3	2	1	4	3				2		21
1935				1				1			1	1		2	1	1	3	6			17
1940				2						2	2	2	2	1	3		1	1		1	14
1945			1	1		1				2	1			1	6		1	3			17
1950		2				1			1	1				1			1	1		1	9
1955											1	1	1	1	1				1	1	7
1960											2										2
1965															1						2
1970						1									1						2
Sum	13	16	61	31	12	18	25	16	14	24	73	26	42	67	87	54	52	115	69	17	832
Gj.sn.	1896	1899	1898	1904	1914	1903	1891	1902	1898	1901	1912	1918	1902	1916	1913	1905	1913	1908	1906	1912	

1. Nye toledde namn. Tal forekomstar fordelt på femårsbolkar og fylke. Nedst gjennomsnittsar for alle forekomstane pr. fylke.

Mannsnamna dominerer fram til 1890-åra (197 mot 111). Seinare er fordelinga mellom menn og kvinner nokså lik. Også i den nordiske namnerenessansen generelt kom oppsvinget først i mannsnamna (Aarset 1982: 77).

Oslo har mange nylaga namn, men elles har Austlandet og Agder jamt over færre enn Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Gjennomsnittsåret viser derimot at nylaginga stort sett kom tidlegare i gang i aust og sør enn i vest og nord. Det viktigaste unntaket på fylkesnivå er Oppland i aust, men på lægre nivå stikk Ålesund seg ut med eit svært tidleg tyngdepunkt (meir nedanfor). Aldersprofilen kan òg uttrykkjast på ein annan måte, som ikkje går fram av tabellen: Oslo har vel 90 prosent av tilfella før 1910, men Rogaland og Sogn og Fjordane knapt 40 prosent og Hordaland berre 30. Rogaland får derimot eit kraftig hopp like etter 1910. Av fylka på Vestlandet ligg Bergen høgst i 1910 (70 prosent), men likevel eit godt stykke bak Oslo. Gjennomsnittet for landet er 60 prosent.

Tabell 1 tek ikkje omsyn til folketalet i fylka. Relativ fordeling er betre eigna til å måle styrken i nylaginga. I tabell 2 er dei absolutte tala rekna om til relative tal. Omrekninga byggjer på «Hjemmehørende folkemængde» i kvart fylke i 1910 (*Folketellingen ... 1910*). Oslo er gjeve omrekningsfaktor 1.0 og dei andre ein faktor etter folketalet jamført med Oslo. Såleis får Oppland og Buskerud faktoren 2.0 fordi dei har halvparten så mange innbyggjarar som Oslo. Ut frå prosenttala ovanfor er 1910 er eit høveleg målepunkt, men eg har i tillegg sett på utviklinga i folketal fram til 1930. Folketeljninga frå dette året viser at innbyggjartalet har vakse 10–25 prosent i dei fleste fylka. Akershus ligg ein del over, Agder litt under, men dei har så få namn at avviket betyr lite. Sidan poenget er tilhøvet mellom fylka, ikkje dei faktiske tala, kan 1910-teljninga brukast for heile materialet.

Tabell 2 viser enda tydelegare enn tabell 1 at hovudområdet for nylaging strekkjer seg frå Rogaland nordover til toppfylket Troms, med unntak av Hordaland (utan Bergen) og til dels Sør-Trøndelag. Sogn og Fjordane når høgare enn Nordland, og Møre og Romsdal ligg på femteplass.

Men biletet er enno ikkje komplett. I innleiinga nemnde eg Sunnmøre som ein sterk kandidat og i tillegg Namdalen, Jæren og ytre strok av Sogn og Fjordane. For å få målt dette må vi gå ned til futedømme

	Folketal	Faktor	Faktisk tal namn	Relativ styrke
Troms	81.902	3.0	69	207
Sogn og Fjordane	90.040	2.7	67	181
Nordland	164.687	1.5	115	173
Nord-Trøndelag	84.948	2.9	52	151
Møre og Romsdal	144.622	1.7	87	148
Bergen	76.867	3.1	42	130
Rogaland	141.040	1.7	73	124
Finnmark	38.065	6.4	17	109
Sør-Trøndelag	148.306	1.6	54	86
Vest-Agder	82.067	3.0	24	72
Oslo	241.834	1.0	61	61
Hedmark	134.555	1.8	31	56
Vestfold	109.076	2.2	25	55
Aust-Agder	76.456	3.2	14	45
Hordaland	146.006	1.7	26	44
Buskerud	123.643	2.0	18	36
Telemark	108.084	2.2	16	35
Akershus	128.042	1.9	16	30
Oppland	119.236	2.0	12	24
Østfold	152.306	1.6	13	21

Tabell 2. Folketal og relativ utbreiing i fylka, fallande relativ styrke.

og sentrale byar. Resultata er sette opp i tabell 3. Folketalet er her òg teke frå folketeljinga i 1910. Andre futedømme har så små avvik frå fylket at det er unødvendig å vise dei.

Sunnmøre ligg på topp, med eit tydeleg sentrum i Ålesund og Borgund. I Nordland står Lofoten og Vesterålen sterkast, men likevel bak Sunnmøre. Andre kjerneområde er Fjordane, Ytre Sogn og Namdalen. I Sør-Trøndelag ruver Trondheim med Strinda langt over resten av fylket. Jæren med Stavanger markerer ein brå overgang frå Vest-Agder og Dalane. Det er ingen skilnad mellom Stavanger og bygdene på Jæren, men kronologisk ligg Stavanger i gjennomsnitt 7 år framom (1904 mot 1911). På Sunnmøre er differansen mellom by og land i gjennomsnitt 21 år, og Ålesund (1896) ligg endatil framom Oslo (1898). Borgund følgjer dei andre Sunnmørs-bygdene (1917).



	Folketal	Faktor	Faktisk tal namn	Relativ styrke
Ålesund med Borgund	20.592	11.7	29	339
Heile Sunnmøre	64.563	3.8	68	258
Lofoten og Vesterålen	47.715	5.1	47	240
Fjordane	53.392	4.5	51	230
Namdalen	28.115	8.6	26	224
Ytre Sogn	17.049	14.2	14	199
Trondheim med Strinda	53.087	4.6	40	184
Jæren med Stavanger	68.593	3.5	49	172

Tabell 3. Folketal og relativ utbreiing i utvalde futedømme og byar, fallande relativ styrke.

Dersom vi samanliknar utbreiinga av variasjonsnamn med utbreiinga av dei eldre avleiingsnamna, finn vi den største kontrasten i Sogn og Fjordane – få avleiingsnamn, mange variasjonsnamn. Klåre skilje den andre vegen har Hordaland (utan Bergen) og Fosen – mange avleiingsnamn, få variasjonsnamn. På Jæren og Sunnmøre ligg variasjonsnamna over avleiingsnamna, men skilnaden er ikkje like stor (Kruken 2013: 95–97).

## 3.2 Namneledd

### 3.2.1 Etterledd

Alle etterledda, også dei som ikkje når opp i tabellen, har bakgrunn i norrønt, eventuelt med støtte i andre nordiske eller germanske språk (jf. pkt. 2 og avsnittet her nedanfor). Dei utgjer dermed eit fast, gjenkjenneleg inventar av avgrensa omfang. Grensene og stabiliteten botnar i at etterleddet konstituerer namnet, og når ein vil skapa nye namn, kan namnekarakteren best (eller berre) sikrast gjennom ledd som på førehand har dei nødvendige konstituerande trekka. Det utelukkar reine appellativ, adjektiv og partisipp. Sjølv om vi har både *-ulv* og *-bjørn* frå før, vil namn på *-jerv* og *-elg* vera mislykka fordi orda ikkje har etterleddskarakter. Liknande restriksjonar gjeld ved omflytting av ledd: *Hugleiv* går greitt, men ikkje *Leivhug* fordi *hug* berre er forledd i det etablerte tilfanget.

Tabell 4 viser at mange av dei maskuline ledda har kjernetida før 1900. Dei fleste av desse er òg kjende gjennom sentrale namn frå tysk,

	Kvinnenamn		Mannsnamn		
	Tal saman- setningar	Gjennom- snittsår	Tal saman- setningar	Gjennom- snittsår	
-frid	59	1905	-ar	49	1911
-hild	48	1909	-vald	46	1896
-ny	44	1906	-var/d	41	1904
-dis	40	1906	-mar	36	1894
-laug	29	1910	-leif	35	1906
-bjørg	28	1911	-olf	32	1899
-run	21	1911	-fred	31	1905
-unn	20	1925	-finn	22	1915
-veig	19	1912	-vin	20	1897
-gunn	13	1937	-ulf	19	1902
-borg	10	1903	-bjørn	15	1929
-vor	10	1911	-stein	14	1920
-rid	9	1910	-alf	12	1900
-gerd	5		-frid	13	1896
-møy	3		-gar/d	13	1897
			-vid	8	1918
			-geir	7	1921
			-leik	7	1929
			-mund	6	1929
			-mod	6	1922

Tabell 4. Frekvens og gjennomsnittsår for dei vanlegaste etterledda.

engelsk, svensk og dansk, t.d. *-mar* i *Valdemar* (frå dansk), *-olf* i *Adolf* og *Rudolf* (frå tysk), *-vald* i *Osvald* (frå engelsk eller tysk), *-vin* i *Edvin* og *Elvin* (frå engelsk) og *-frid* som maskulinum (frå svensk og tysk). Dette tyder på at ein fleirnasjonal basis attåt fast heimleg bruk har vore gunstig for framveksten av nye toledda namn i Noreg. Leddet *-fred* kjem opp litt seinare, med ein ekstra tilskuv gjennom omtolkinga av det engelske *Alfred* til *Alfred*.

På kvinnesida har *-borg* eit liknande fleirspråkleg grunnlag og er typisk nok det eldste i topplista. Dei andre feminine ledda har jamt over ein meir norsk karakter og kan av den grunn ha fått ein tyngre start. Den kronologiske skilnaden mellom manns- og kvinneledd i topplista stemmer elles i hovudsak med skilnaden i enkeltnamn generelt (pkt. 3.1).

Leddet *-frid* merkjer seg ut. Her kan både eit breitt grunnlag og ei positiv tyding (‘fager, yndeleg’) ha vore med og gjort leddet populært. Eit anna påtakeleg trekk er dei mange framlegga til namn på *-frid* i Huseby (1891, 1895). Av dei kom 11 i bruk før 1900 (6 i Oslo). Det viser både kor høg status leddet hadde i agitasjonen, og kor snøgt det vann innpass. Utbreiinga har gjort at *-frid* i dag fungerer som ein spontan markør av kvinnenamn. Dette er treffande reflektert i namna *Flettfrid* frå 1983 (Jakob Margido Esp) og *Tårnfrid* frå 1999 (Otto Jespersen) om to fiktive figurar i underhaldningsbransjen. Også dei andre ledda har ei sterk plattform i etablerte norrøne namn i normalisert form, t.d. *-hild* for *-il(d)* og *-svein* for *-sven(d)*. Desse formene styrkjer leddkarakteren og gjev namna eit historisk-nasjonalt preg i pakt med andre trekk i den nasjonale kulturreisinga.

Etterledda følgjer nylaginga allment i geografisk fordeling. Det gjev hovudparten eit tyngdepunkt på Vestlandet og nordover til Troms. Mønsteret er tydelegast for unge ledd i samsvar med at nylaginga heldt seg lengst i vest og nord. Gamle ledd som *-mar*, *-vald* og *-vin* er vanlege overalt, likeins det populære *-frid* i kvinnenamna.

Dei fleste ledda er produktive over lang tid, i kvinnenamn såleis *-ny* frå *Erny* i Førde 1870 til *Heidny* i Nesna 1953, *-frid* frå *Hulfrid* i Bergen 1876 til *Vigfrid* i Bærum 1953 og *-hild* frå *Bjørghild* i Flakstad og *Dagnhild* i Ålesund 1877 til *Sirhild* i Molde 1958, og i mannsnamn *-ar* frå *Nidar* i Drammen 1886 til *Giljar* i Hol 1978, *-finn* frå *Sigfinn* i Bergen 1889 til *Marfinn* i Follidal 1949 og *-stein* frå *Alstein* i Gjesdal og *Arstein* i Oslo 1896 til *Kjellstein* i Ulstein 1967. Mindre vanlege ledd har oftast ei kortare produktivitetstid, t.d. *-mod* frå *Elmod* i Sortland 1914 til *Normod* i Ibestad 1931 og *-leik* frå *Arnleik* i Lurøy 1915 til *Oddleik* i Farsund 1953.

Dei yngste ledda er *-unn* og *-gunn* i kvinnenamn og *-bjørn*, *-leik* og *-mund* i mannsnamn, alle med eit klårt norsk preg. Men stundom er det så lang avstand mellom namna at eitt enkelt tilfelle kan endre gjennomsnittet med fleire år. Ved leddet *-vid* er det første namnet *Marvid* i Stokke 1872 og det andre *Narvid* i Oslo 1906. Ser vi bort frå *Marvid*, stig gjennomsnittet frå 1918 til 1924. Leddet *-mund* har det siste tilfellet i *Jomund* på Dovre 1970 og det nest siste i *Rigmund* i Borge 1936. Utan *Jomund* fell gjennomsnittet frå 1929 til 1921. Leddet *-geir*

har to tidlege og fem seine namn. Dei siste ligg i gjennomsnitt på 1937, 16 år meir enn gruppa samla. Dette viser at snittåret kan bli nokså misvisande når ein kjem litt nedover på frekvenslista.

Det maskuline leddet *-frid* har 12 av sine 13 namn før 1906 og deretter berre *Velfrid* i Bergen 1918. Grunnen til at det forsvann så tidleg, trass i stønaden frå svensk, må vera at *-frid* hadde etablert seg som eit dominerande feminint ledd alt før 1900 (jf. ovanfor), og sidan etterledda normalt ikkje kan vera tvikjønna, var det ikkje lenger rom for det maskuline *-frid*. Det hjelper ikkje at etymologien er ulik – det er uttrykkssida som tel. I heile tilfanget er det berre ei handfull namn som bryt dette mønsteret. Det gjeld m.a. *Fridleif* i Ålesund 1892 og *Gudleiv* i Norddal 1922, begge gjevne som kvinnenamn. Inspirasjonen ligg utan tvil i det eldre Sunnmørs-namnet *Oleif* (NPL: 431). Når mannsnamnet *Torgny* blir kvinnenamn (Kragerø 1897), er det ikkje eit brot på kjønnsgrensa, men ei omtolking frå *Tor-gny* til *Torg-ny*. Leddet *Torg-* står elles i *Torghild* på Nøtterøy 1897 og *Torgvin* på Hisøy 1886.

Ein del ledd har fått sekundære former som *-dar*, *-nar* og *-var* (av *-ar*) og *-dolf* og *-rolf* (av *-olf*). Startpunktet ligg i eldre, velkjende namn som *Reidar* for *-dar*, *Einar* og *Gunnar* for *-nar*, *Ingvar* for *-var*, *Adolf* og *Rudolf* for *-dolf* og *Torolf* for *-rolf*. Endringa inneber at leddgrensa blir flytta eitt trinn inn i forleddet, slik at andrestavinga (= andreleddet) byrjar på konsonant i staden for vokal. Det er i samsvar med ein allmenn fonologisk regel som seier at ei staving med opptakt (konsonant før vokal) er betre, eller meir harmonisk, enn ei staving utan opptakt (Kristoffersen 2015: 28). Derfor blir sekvensane *-dar*, *-nar*, *-var*, *-dolf* og *-rolf* så ofte aktiverte ved nylaging og ter seg som sjølvstendige ledd. Kjæleforma *Doffen* av *-dolf* viser det same. Med andre ord: Ein fonologisk prosess som endar i eit morfologisk produkt (i språkvitskapen kalla grammatikalisering). Det sekundære *-var* blir elles underbygd av likskapen med *-vard*. Omtolkinga frå *Alf-red* til *Al-fred* (ovanfor) gjev ein tilsvarende gevinst: harmonisk opptakt og tilslutning til eit kjent eksisterande ledd. Sjå elles døme under pkt. 3.2.2.

Regelen om harmonisk opptakt er òg grunnlaget for dei mange sekundære formene av *-ine* (døme i Weise 1989), men denne gruppa fell utom emnet her.

### 3.2.2 Forledd

	Tal saman- setningar	Gjennom- snittsår		Tal saman- setningar	Gjennom- snittsår
Nor-	21	1915	Hil(d)-	8	1910
Ing-	15	1899	Kår-	8	1921
El(d)-	14	1909	Frid-	7	1904
Ed-	12	1913	Jen-	7	1904
Jon-	12	1914	Jor-	7	1914
Ol-	12	1898	Jørg-	7	1901
Sol-	12	1917	Kol-	7	1901
Dag-	11	1903	Ragn-	7	1895
Ei-	11	1918	Ar-	6	1908
Kjell-	11	1915	Dor-	6	1901
Mar-	10	1910	Er-	6	1901
Nil-/Nel-	10	1896	Kar-	6	1900
Odd-	10	1908	Lid-	6	1908
Ann-	9	1905	Lin(d)-	6	1903
Berg-	8	1900	Magn-/-ng-	6	1894
Bjørg-	9	1904	Unn-	6	1931
Fred-	9	1912	Vil-	6	1909
Jo-	9	1923			

Tabell 5. Frekvens og gjennomsnittsår for dei vanlegaste forledda.

Forledda har lægre frekvens enn etterledda, sjølv om summen naturlegvis er lik. Frekvensane heng saman med at forledda er meir opne både semantisk og formelt (pkt. 2). Dei kan dermed spreie seg over eit større felt enn etterledda og femne eit vidt spekter av namngjevingsmotiv. Topplista omfattar både tradisjonelle norrøne ledd (*Dag-*, *Ing-*, *Odd-*) og nyare ledd, for det meste framvaksne or lånenamn (*Jen-*, *Jon-*, *Mar-*, *Nil-*). Opphavleg tyding eller språkleg bakgrunn har lite å seie. Dei nye ledda har ofte festna seg gjennom oppkalling (pkt. 3.3), dvs. at motivasjonen ligg utanfor språket, men motivet må realiserast gjennom ein viss språkleg teknikk. Oppkallinga viser såleis at *Jen-* skriv seg frå *Jens*, *Nel-* og *Nil-* frå *Nils* og *Mar-* frå *Marie*, *Maren* eller *Martin*. I farten kan vi ta med at dette svekkjer dei alternative forklaringane av ledda som NPL (s. 286, 373, 405) og andre set fram.

Også i forledda finst det enkeltnamn som endrar gjennomsnittet med fleire år. Utan *Bergunn* i Alvdal 1942 fell gjennomsnittet for *Bergnamna* frå 1900 til 1894. Leddet *Ing-* utan *Ingdis* i Sauherad 1929 og *Ingodd* i Oppdal 1937 får 1893 i staden for 1899 i gjennomsnitt. *Ing-* blir dermed det eldste på lista. Leddet *Jor-* frårekna *Jorodd* i Verdal 1949 fell frå 1914 til 1908, og *Kjell-* utan *Kjellstein* i Ulstein 1967 går frå 1915 til 1910 i gjennomsnitt. Året i tabellen må takast med sterke atterhald når tilfella er så få.

Sidan forledda kan oppstå av nesten kva som helst (stadnamn, personnamn, vanlege ord), må dei faktiske realiseringane i starten ha ein meir spesifikk bakgrunn enn det etterledda krev. Men når forleddet først er etablert, kan det ekspandere vidare utan noko klårt motiv i kvart enkelt tilfelle.

Først leddet *Nor-* (21 namn) som døme. Det har svak tradisjon som ledd og stort sett inga familieoppkalling å stø seg på, men landsnamnet *Noreg*, personnamna *Normann* og *Norvald*, det mytologiske *Nor* og appellativet *nor(d)mann* kan vera faktorar som har drive det fram (NPL: 414–15). Dersom *Nor-*namna var motiverte av norsk nasjonal-kjensle, skulle ein vente mange nylagingar under unionsstriden kring 1900, men belegga viser ingen slik profil. Huseby (1891) foreslår 7 namn på *Nor-*. Han forklarar det som ‘norden(s)’, t.d. *Norunn* ‘nordens kjærlighed’, altså ikkje nokon norsk-nasjonal markør, men heller eit uttrykk for samnordisk brorskap. Bruken tyder på at leddet tidleg kom forbi etableringsfasen og dermed mista noko av den signalverdien Huseby vil fremje, men det kan òg hende at *Nor-*namna flyt på ein kombinasjon av det spesifikke og det allmenne.

Leddet *Sol-* (12 namn) har heller ikkje noko sterkt feste i norrønt, men her er utgangspunktet sikrere. Det er utan tvil det populære *Solveig* med leddet omtolka frå *Sal-/Sol-* ‘stort rom, sal’ til *Sol-* ‘sol’. Sekundærtydinga er spesifikk og utelukkande positiv. Leddet *Vår-* (5 namn) kunne like eintydig vera ordet for årstida, men tidspunktet stemmer ikkje – ingen var fødde om våren. Likevel vil nok dei fleste assosiere til ordet *vår*, men kanskje mest metaforisk eller konnotativt (vekst, lys og liv), og motsetninga mellom årstid og namngjevingstid blir da ikkje uløyseleg.

Leddet *Nan-* (5 namn) heng litt i lufta. Dei første belegga er *Nanfrid* på Tynset 1900 og *Nanveig* på Karlsøy 1913. Eg finn ingen leietråd i familiane, og ei tilknytning til det kjende *Nansen* er tvilsam i jentenamn, sjølv om kronologien kan høve med polarhelten Fridtjof Nansen (1861–1930). Det seinare *Nanfinn* i Kinn 1922 kan koma av *Ananias* (far), men det forklarar neppe nokon av dei andre. Forleddet *Tor-* står i så mange kombinasjonar frå norrønt at det nesten ikkje kan vekse meir, i og med at nylaginga ikkje skaper nye etterledd som det kan koplast til (pkt. 3.2.1).

Dei fleste ledda er jamt fordelte på menn og kvinner, men *Dag-*, *Jon-*, *Odd-*, *Jo-* og *Ragn-* finst mest i mannsnamn og *Sol-*, *Ei-* og *Lid-* mest i kvinnenamn. Utanfor topplista er *Vår-* (5) og *Ran-* (4) berre kvinneledd og *Arn-* (5), *Bjørn-* (4) og *Sig-* (4) berre mannsledd. Tala er så låge at det ikkje nyttar å sjå noko mønster i dette. Dei fleste forledda fordeler seg etter same geografiske mønster som dei nye namna generelt, men *Björg-*, *Jon-*, *Kjell-* og *Nil-/Nel-* har ei overvekt i vest og nord.

Trass i dei vide typekrava har dei fleste forledda berre éi staving (*Ing-*, ikkje *Inge-*) og endar på konsonant om vi analyserer dei nye samansetningane etter mønster av dei gamle. Men desse konsonantane har ein tendens til å opptre i klyngjer framfor etterledd som språkhistorisk sett byrjar på vokal. Ved leddet *-ar* endar såleis 19 av forledda på *-n* (*Ernar*, *Jonar*) og 18 på *-d* (*Eidar*, *Fridar*), og ved *-olf* endar 16 av forledda på *-d* (*Eidolf*, *Judolf*) og 10 på *-r* (*Gurolf*, *Karolf*). Drivkrafta er ein allmenn fonologisk regel i samspel med eldre namn som *Einar*, *Reidar*, *Adolf*, *Rudolf* og *Torolf*, der resultatet blir ei omtolking av ledda frå *-ar* til *-nar* og *-dar* og frå *-olf* til *-dolf* og *-rolf*, sjå siste bolken i pkt. 3.2.1. Omframt det som er sagt ovanfor, er kanskje *Mordolf* i Trondheim 1919 det klåraste dømet. Det må delast i *Mor-dolf*, ikkje *Mord-olf* – tanken forbyr seg sjølv.

Når etterleddet tek til på konsonant, har forledda oftast ein meir variert struktur. Viktige unntak i mannsnamn er *-mar* med 16 ledd på *-l* (*Dilmar*, *Dolmar*) og *-vald* med 17 ledd på *-n* (*Danvald*, *Konvald*). I kvinnenamn er dei største klyngjene 14 ledd på *-r* ved *-dis* (*Irdis*, *Lardis*) og 17 på *-n* ved *-hild* (*Junhild*, *Tonhild*). Her er startpunktet rimelegvis kjende namn som *Hilmar* for *-lmar*, *Gunnvald* for *-nvald*, *Tordis*

for *-rdis* og *Gunnhild* for *-nhild*. I disse namna ligg stavingsgrensa (og leddoppfatninga) fast fordi andreleddet ikkje kan byrje med *lm-*, *nv-*, *rd-* eller *nh-*. Dermed oppstår det ikkje sekundære ledd av desse samansetningane. Men dersom konsonantane utgjer ein harmonisk opptakt, kan begge gå til andrestavinga, jf. *Al-fred* (<*Alf-red*) og kortformene *Stoffer* av *Kri-stoffer* (< *Krist-offer*) og *Trine* av *Ka-trine* (< *Katr-ine*).

### 3.3 Oppkalling med leddvariasjon

Familiebasert oppkalling er ei sentral drivkraft i all norsk namnehistorie, og av moglege framgangsmåtar er oppkalling med fullt namn etter besteforeldra nesten einerådande frå tidleg kristen tid til 1700–1800-talet og i stabile bygdesamfunn enda lenger. I denne delen av undersøkinga vil eg drøfte korleis dei nye toledda namna står i høve til oppkallingssystemet.

Dåpslista i kyrkjebøkene har med namnet på alle foreldra, og så langt foreldra ber primære patronym, viser lista òg namnet på begge bestefedrane. Når patronyma stivnar og blir vanlege slektsnamn, fell morfaren straks ut, og på neste trinn også farfaren. Bestemødrene er usynlege anten foreldra har primære eller sekundære patronym. Denne mangelen kan ein bøte på ved å gå inn på dåpsnotisen til foreldra. Folketeljingane kan òg brukast til å leite bakover i familien, men her er det ein stor veikskap at avdøde personar ikkje er med. Ein del av sekundærlitteraturen, m.a. *Norges bebyggelse*, nemner som regel alle besteforeldra og er til god hjelp for å finne eventuell oppkalling. Den ujamne representasjonen i kjeldene gjer registreringa tilsvarande mangelfull.

I den tradisjonelle fullnamnsoppkallinga måtte gut få namn etter mann og jente namn etter kvinne utan endring av forma, eller med ei viss (skriftleg) justering innanfor kjønnskategorien, t.d. *Kristen* → *Kristian* på 1800-talet. Leddbasert variasjon gav høve til å kalle opp jente etter mann og gut etter kvinne, og ein kunne knyte det nye namnet til foreldra utan å få for tette samanfall (Kruken 2018: 331, 338). Dei fleste av dei 832 namna liknar ikkje namnet på foreldra eller besteforeldra (så langt dei er funne), men eg har registrert 165 tilfelle av namnelikskap som fordeler seg slik på kjønn og generasjon:



Nammeledd frå	Far	Mor	Farfar	Morfar	Farmor	Mormor	Olde- foreldre	Anna
Gut	32	27	12	9	2	1		3
Jente	33	15	9	11	7	3	2	3

Tabell 6. Oppkallingsmønster i nye toledda namn.

Tabellen viser at gut ofte får namn etter mor og jente namn etter far. Det inneber ei kryssing av kjønnsgrrensa som var umogleg så lenge kravet var ei fast namneform. Bestefedrane er så godt representerte at tala har ei viss vekt. Jenter blir ein del oppkalla etter farmor, men for bestemødrene elles og for oldeforeldra kan vi knapt lesa ut noko anna enn at oppkallingsmåten vart praktisert. Det reelle talet er rimelegvis høgre. I sum er det grunnlag for å seie at foreldra vinn over besteforeldra gjennom leddvariasjonen. Det same skjedde da avleiingsteknikken breidde seg på 1700- og 1800-talet. Også den gongen fekk mange jenter namn etter far, men vi manglar eksakte tal for kor sterk tendensen var. Dreininga frå besteforeldre til foreldre heng nok òg saman med at det er foreldra som bestemmer namnet, og ei innbakt drivkraft kan da vera at dei får markert seg meir individuelt enn i den gamle oppkallinga. (Oppkalling med fullt namn kan gje eit anna bilete, men det er ikkje med her.)

To av dei seks tilfella i kolonnen «Anna» gjeld oppkalling etter andre slektningar: *Bårdfrid* i Borgund 1913 etter ein avdød bror (*Bård*) og *Dormod* i Frei 1920 etter ei tante på morssida (*Dordi*). I dei andre tilfella er namnet knytt til eit slektsnamn eller gardsnamn: *Herlaug* etter *Hernes* på Frosta 1892, *Kronveig* etter *Kronstad* i Bergen 1901, *Nordvald* etter *Nordeide* i Bergen 1904 og *Ringalf* etter *Ringdal* i Sunnylvn 1897.

Nesten alle namna i tabell 6 er laga gjennom eit grep som liknar den gamle etterleddsvariasjonen, det vil seie at forleddet står fast, medan den siste delen blir endra. Men ein viktig skilnad er at den delen som blir bytta ut, omfattar fleire formelle typar enn dei tradisjonelle etterledda. Det vanlegaste utgangspunktet er lånenamn av skiftande lydleg karakter. Desse namna har ikkje opphavleg (latinske) eller i si norske form (greske, hebraiske) ein toledda struktur, men i lagingsprosessen blir den første stavinga trekt ut som eige ledd og sett saman

med eit tradisjonelt norsk etterledd. Det elementet som står att, er berre ein fonologisk rest, t.d. *-tea* i *Dor-tea*, *-ok* i *En-ok* og *-en* i *Jørg-en*. Desse delane er av formelle grunnar ubrukelege i nye toledda namn.

Nokre døme på endring frå lånenamn til toledda norsk namn: *Annveig* i Drammen 1901 av *Anna* (mor), *Danvald* i Selje 1910 av *Daniel* (morfar), *Dikkar* i Herøy 1922 av *Dikka* (mor), *Dorfinn* i Bremsnes 1893 av *Dortea* (mor), *Guroolf* i Oslo 1901 av *Gurine* (mor), *Jørgchild* i Skien 1883 av *Jørgen* (far), *Magny* i Glemmen 1879 av *Magnus* (far), *Marfrid* i Bore 1910 av *Marie* (mor), *Nikfred* i Ulstein 1906 av *Nikolina* (farmor), *Rasvald* i Ålesund 1898 av *Rasmus* (far), *Synulf* i Davik 1906 av *Synnøve* (mor) og *Tørdis* i Stavanger 1911 av *Tørris* (far).

Ei liknande omlaging av nordiske namn finn vi m.a. i *Axhild* i Oslo 1898 av *Axel* (far), *Birghild* i Flakstad 1900 av *Birger* (far), *Borgfinn* i Sødorp 1900 av *Borger* (far), *Hullvard* i Ålesund 1913 av *Hulda* (mor), *Olfrid* i Bardu 1885 av *Ole* (morfar), *Unnhild* i Hamre 1917 av *Unna* (mormor) og *Unnleiv* i Trondheim 1925 av *Unni* (avdød mor). Namn på *Ol-* av *Ole* er den største gruppa. Det heng saman med at *Ole* var det vanlegaste mannsnamnet på 1800-talet og dermed også domierte i patronyma.

Regulær etterleddsvariasjon ligg til grunn for namn som *Borgvar* i Levanger 1919 av *Borghild* (mor), *Dagbjørn* i Oslo 1902 av *Dagmar* (mor), *Elmod* i Sortland 1914 av *Elvin* (far), *Halvfrid* i Oslo 1924 av *Halvdan* (far), *Hendis* i Flakstad 1901 av *Henrik* (far) og *Rudny* i Åmot 1920 av *Rudolf* (far). Opphavsnamnet er her alltid nordisk eller germansk fordi det berre er slike namn som synkront sett har eit tydeleg etterledd. Vekslinga mellom manns- og kvinnenamn går like fritt som i gruppene ovanfor. Av og til byggjer etterleddsvariasjonen på ei endring av leddgrensa, som når *Einar* (historisk *Ein-ar*) gjev opphav til *Eibjørg* på Austre Toten 1903 (etter far) og *Eivar* og *Eigunn* på Inderøy 1967 og 1972 (søsken, etter far). Overgangen frå *Ein-ar* til *Ei-nar* o.l. er drøfta nærare i pkt. 3.2.1 og 3.2.2.

Nokre gonger blir forleddet bytta ut og etterleddet står fast, t.d. *Leidvald* i Eigersund 1929 av *Ingvald* (far), *Modhild* i Time 1920 av *Magnhild* (mor) og *Kjellstein* i Ulstein 1967 av *Jostein* (far). Sidan etterledda er kjønnsesifikke, kan ikkje slike endringar gå frå mann til kvinne eller omvendt. Det avgrensar bruken sterkt. Omflytting av ledd

er enda sjeldnare. Namnet *Anmar* i Eidsvoll 1874 av *Maren* (mor) viser typen. Tilfellet *Bjarnfrid* i Vartdal 1928 heng truleg saman med *Asbjørn* (far), men er ikkje like opplagt som *Anmar*.

Ein siste måte er å byggje ut eit einledda namn til eit toledda (addisjonsvariasjon). Dei klåraste døma er *Bårdhild* i Malangen 1888 av *Bård* (far), det nemnde *Bårdfrid* i Borgund 1913 av *Bård* (avdød bror), *Karlfrid* i Trondheim 1901 av *Karl* (far), *Svendborg* i Ålesund 1901 av *Svend* (far) og *Trondis* i Ådal 1907 av *Tron* (far). Ein nærskyld type er konsonantforenkling i opphavsnamnet, t.d. *Jenhild* i Saltdal 1901 av *Jens* (morfar) og *Nildis* i Tromsøysund 1913 av *Nils* (far). Denne typen gjeld i hovudsak lånenamn, men i eit tilfelle som *Karulf* i Ålesund 1885 er det rimeleg å sjå ei forenkling av *Karl* sidan det var namnet åt faren. (Steget frå toledda til einledda namn fell utom drøftinga her.)

Som eit tilleggsmoment har eg sett på alderen til foreldra. Det viste seg fort at dei fordeler seg jamt over alle årstrinn. Materialet gjev såleis ikkje grunnlag for å seie at alderen i seg sjølv har spela noka rolle. Men eit uløyst problem er om gamle foreldre hadde gifta seg seint og dermed gav namnet på same steg i barneflokket som unge foreldre, eller om dei hadde gifta seg tidleg og gav namnet til eit barn lenger uti rekkja.

Slektsmarkeringa i dei nye variasjonsnamna er som nemnt i store trekk den same som i dei tusentals avleiingsnamna på 1700- og 1800-talet. Moten skiftar med andre ord frå *Dortea* → *Dorteus* til *Dortea* → *Dorfinn*, eller *Lars* → *Larsine* → *Lardis* (Stavanger). Motivet ligg fast, men teknikken er annleis. For folk som ikkje kjenner familien, er det lettast å sjå det formelle brotet, men personreferansen gjer at namnet føyer seg inn i ein lang tradisjon likevel.

### 3.4 Samfunnsgrupper

Opplysningane om yrke er tekne frå den digitaliserte versjonen av folketeljinga 1910. Det er vanskeleg å finne alle og få plassert dei rett fordi nemningsbruk, forkortingar og stavemåte varierer, og fordi mange står med fleire yrke i rad. Dessutan er det eit storarbeid å skilje ut søner, døtrer, koner osv. som har yrket knytt til forsørgjaren, ikkje

til seg sjølve. Kyrkjeboka nemner oftast berre hovudyrket, men er i skanna versjon uoverkommeleg å bruke.

Eg har prøvd å fange opp alle hovudgruppene og slå saman nemningar som dekkjer same sak (her i normert form). Gruppa *sjølveigar* er såleis lagt inn i gruppa *gardbrukar*, og *lærar i folkeskolen* er jamstilt med uspesifisert *lærar*. Herunder fell òg lærarane i folkehøgskolen, men dei er samtidig nemnde spesifikt såpass ofte at vi kan sirkle inn ei eiga gruppe. Kategorien *innerst* er så langt som råd fordelt etter det yrket innersten dreiv, fordi innerst i seg sjølv ikkje er eit yrke, men ei buform (som rett nok inneber eit sosio-økonomisk lågsjikt). Sjøfolk i ulike funksjonar er slegne saman, men *skipper* er i tillegg vurdert særskilt fordi dette ser ut til å vera ei stabil nemning for sjøfolk på øvste nivå. Handelsfolk har ei liknande rangdeling frå *landhandlar* til *handelsborgar* (i by), og eg viser dei både samla og borgarane for seg. Yrke som *bakar*, *skreddar* og *smed* omfattar både svein og meister, men dei fleste står uspesifiserte. I tillegg er grensene så rørlege (sveinen vil opp) at det er uråd å skilje ut stabile undergrupper.

Mange av bøndene i kyststrok er samtidig fiskarar. Det gjer gruppeskipnaden litt kunstig. Eg har derfor òg sett på gardbrukar og fiskar under eitt. På same måten er det mykje overlapping mellom husmann og fiskar, men desse gruppene står så likt kvar for seg at ei samanslåing ikkje vil endre resultatet. Gruppene *tømmerhoggar*, *tømrrar* o.l. er utelatne fordi dei fleste står med yrket *gardbrukar* eller *arbeidar* på første plass.

Dei minste gruppene er så små at prosentane må takast med atterhald, men det er likevel grunn til å merkje seg den høge prosenten for skipperar. I dei store gruppene bør tala vera pålitelege for alle. Ingen av yrka skil seg spesielt ut, sjølv om det mellom gruppene over 10.000 er eit jamt fall frå arbeidar til fiskar.

På landsbygda er alle dei vanlege yrka med, lærarane medrekna. Dei er den mest boklege og litterært orienterte gruppa der, men hevar seg likevel ikkje over bønder, arbeidarar eller handverksfolk. Prestestanden viser seg så å seie ikkje. Det einaste tilfellet er presten og folkeminnesamlaren Ole Tobias Olsen (1830–1924) i Hattfjelldal. Han kalla dotter si *Helgfrid* (1887) fordi ho kom til på ein søndag.

Yrke	Folketeljinga 1910	Nylaga namn	Prosent
Bakar	4.500	16	0.36
Arbeidar	42.000	115	0.29
Sjømann, skipper	21.000	60	0.28
Skipper særskilt	1.100	25	2.27
Lærer	15.500	35	0.23
Snikkar	14.000	29	0.21
Gardbrukar	110.000	235	0.20
Målar	7.100	13	0.18
Handelsmann	21.000	29	0.14
Handelsborgar særskilt	1.100	5	0.45
Skreddar	8.500	12	0.14
Skomakar	12.000	15	0.13
Husmann	22.000	25	0.11
Smed	8.800	7	0.08
Fiskar	100.000	80	0.08
Gardbrukar og fiskar samla	210.000	315	0.15
Prest, teolog	1.500	1	

Tabell 7. Nye namn fordelte på yrke. Frekvens og prosent av gruppa.

Byane har ei sterkare sosial lagdeling enn landsbygda og kan dermed lettare få ein bestemt stands- eller yrkesprofil i nylaginga av namn. Spelerommet er stort i alle dei større byane, men kanskje størst i Oslo og Bergen – her finn vi både gatefeiar, agent, rekningsbud, elektrikar, frisør, typograf, trikkefører, kaptein, konditor og hotellstyrar. Materialet har nokre få handelsborgarar, men elles ikkje embetsmenn eller borgarskap på ei handfull nær, og dermed ikkje prestar heller. Dei aller fleste som lagar nye namn i Oslo og Bergen, er handverkarar, handelsfolk eller arbeidarar og høyrer såleis til mellom- eller lågsjiktet sosialt sett. Ålesund har ein god del skipperar, elles alle slags yrke, og det same gjeld Stavanger, Bergen og Trondheim.

### 3.5 Målsyn og namnelaging

Namnebøkene legg opp til at nylaging etter norrønt mønster skal vera ein integrert del av den nordiske namnerenessansen og dermed ein verksam faktor i den nasjonale kulturreisinga. Aasen grunnjev sine

framlegg nettopp med at det nedarva tilfanget bør «forøge sig med Tiden og voxe paa det hjemlige Grundlag» (1878: 56). Støylen (1887), Huseby (1891, 1895) og Bru (1905, 1913) tenkjer likeins. Bøkene skil altså ikkje prinsipielt mellom gamle og nye (nylaga) namn. Huseby set alle i same lista utan å seie kva som er kva. Alt dette syner at agitatorane meiner det nye er like godt som det gamle berre råstoffet er norrønt.

Bakgrunnen for å skilje ut målsynet som eit eige kulturelt aspekt i denne undersøkinga er at faglitteraturen gjerne framhevar målrørsla som ei drivande kraft i utbreiinga av norrøne og norrøninspirerte namn. Terje Aarset meiner såleis at «familiar som var nasjonalt oppglødde (for målsak, venstresak, folkehøgskuleideane)» (1982: 67), høyrde til kjernetroppane i namnerenessansen. Implisitt blir lærarane viktige fordi dei generelt var gripne av dei ideane Aarset nemner, og ofte sette målsaka fremst, med historisk-nasjonal grunngeving. Ola Stemshaug koplår nylaginga direkte til arbeidet for norrønbaserte namn og gjer folkehøgskolen til ein katalysator langt framover 1900-talet (1995: 77–78).

Mine funn støttar ikkje dette (tabell 7). Det finst naturleg nok ein del enkelttilfelle, som Stemshaugs *Vinjar* (1995), men det endrar ikkje heilskapen. Korkje lærarar og målfolk generelt eller høgskolerørsla spesielt yter noko meir enn andre grupper. Det kan vel hende at målfrelste lærarar misjonerte meir, slik namnebøkene så innstendig oppfordrar dei til (t.d. Støylen 1887: V), men dei følgjer ikkje opp i gjerding. Samtidig må vi ta med at undersøkinga her har ein veikskap: Målvennlege lærarar kan liggje over gjennomsnittet for gruppa (og dermed over andre yrkesgrupper), men bli nøytraliserte ved at lærarstanden elles ligg under. Ut frå dei mange tilfella der eg veit kva målsyn læraren hadde, finn eg likevel ingen klår indikasjon på at yrkesprosenten gjer målfolket urett. Det er mogleg at ei full inventering kan nansere dette bildet, men signifikant annleis blir det neppe.

I utgangspunktet kunne ein nok tenkje seg ein samanheng mellom allmenn målsak og norrønbasert nylaging i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre, men det gjeld avgjort ikkje for Oslo, Bergen, Ålesund og Trondheim, og langt på veg ikkje for Lofoten og Vesterålen heller, om ein legg skolemålet til grunn for målviljen generelt i regionen (Lockertsen 1982:

262–63). Skilnaden mellom Ytre og Indre Sogn i namnelaging stilt mot likskapen i språk og kultur forstyrrar på omvendt måte. Indre Sogn hadde endatil ein livskraftig folkehøgskole i Sogndal. Skolen var ein av grunnsteinane under den nasjonale kulturreisinga i sognebygdene (Torjusson 1977: 184), men i namnelaginga finn vi knapt eit spor. Rett nok gjekk Olaf Huseby på høgskolen i Sogndal (1871–72), og dei agitatoriske bøkene hans (1891, 1895) kan vera inspirerte av det, men dei som seinare brukte bøkene, hadde flestalle inga tilknytning til skolen.

Eit par moment som kunne opne for at folkehøgskolen og andre lærargrupper verkeleg var praktiserande vegvisarar, er 1) dei såg ikkje nylaging som ein fullverdig del av namnerenessansen og fell derfor ut i dette materialet, eller 2) dei godtok berre nye namn med to norrøne ledd (*Dagbjørg, Sigfinn*) i samsvar med framlegga i namnebøkene (jf. tillegget), og ikkje namn med innlånt forledd og norrønt etterledd (*Jonhild, Synulf*). Til det første er å seie at når agitatorane knyter prosessane så tett saman både ideologisk og praktisk, er det lite truleg at høgskolefolk og andre målreisarar medvite har skilt dei åt. Truleg visste dei ikkje alltid kva som var gammalt eller nytt heller, men måtte gå etter form utan kontekst (jf. pkt. 2). Til det andre kan vi slå fast at lærarane i folkehøgskolen som andre lærargrupper er like tilbakedregne i dei fullnorrøne namna som i dei halvnorrøne, og på dette punktet kan ikkje materialet ha noka skjult slagside.

#### 4 Oppsummering og vurdering

Med dei strenge utvalskriteria er talet 832 nye namn etter 1870 eit minimum. Kjeldene løyner nok eit hundretal til, kanskje meir (eg har funne ein del, men for seint til få dei inn). Dessutan må vi ta med 20–30 namn før 1870, og rimelegvis nokre av dei som namnebøkene har. Det samla talet ligg sikkert på 1000 eller meir. E.H. Lind (1905–15) har romt rekna 1000 toledda namn på oppslagsplass når ein tek med uvisse og reint islandske namn. Tilfanget er med andre ord fordobla frå 1870-åra til i dag. Mange av dei nye namna er svært sjeldne, men det gjeld òg mange i Lind. Noreg ligg minst på høgde med Island (Kvaran og Jónsson 1991: 34–43), og etter namnebøkene å dømme godt framom Sverige og Danmark.

Undersøkinga har vist at det både absolutt og relativt er flest nylaga namn på Vestlandet (frårekna Hordaland), i delar av Trøndelag og i Nord-Noreg. På fylkesnivå ligg Troms øvst, men elles er det klåre skilnader mellom futedømma og ofte mellom by og land i tillegg. Kjerneområda sørover frå Troms er Vesterålen og Lofoten, Namdalen, Trondheim, Sunnmøre (spesielt Ålesund-Borgund), Fjordane, Ytre Sogn og Jæren. Austlandet med Oslo i spissen kjem tidleg i gang, men fell merkbar av etter 1910. I vest og nord held nylaginga seg lenger, og på Sunnmøre ganske bra til 1940-åra. Førsteintrykka slår til alle stader.

Nylaginga skaper ikkje nye etterledd av norrøn type. Ekspansjonen skjer gjennom fleire og meir varierte forledd. Dei spenner frå reint individuelle former (*Gur-*, *Nik-*, *Ras-* ofl.) til ledd av allmenn karakter (*Björg-*, *Dag-* ofl.). Dei mest eigenarta får sjeldan nokon ettervekst. Andre, meir nøytrale ledd etablerer seg i toppen av det faste tilfanget (*El-*, *Nor-* ofl.).

Nylaginga er sterkt forankra i dei jamne lag av folket, men har òg eit tydeleg innslag i mellomhøge grupper som skipperar og handverksmeistrar. Dette pregar materialet frå byrjing til slutt, og det gjeld overalt, frå storby til utbygd – altså ikkje noko sosialt fall eller noka sosial forskyving i nemneverdig grad etter 1870. Borgarskapet er lite med, og embetsstanden enda mindre. Prestane har falle nesten heilt ut. Dette står i skarp kontrast til den rolla dei spela tidlegare på 1800-talet, da både prestar og andre embetsfolk utviste «en forbausende Virtuositet» i namnelaging og skrivemåte (Munch 1854: 40; Kruken 2016: 79–80). Endringa kan henge saman med at lagingsmåten går frå avleiing til samansetjing, men er i det heile vanskeleg å forklare. Det ville vera merkeleg om prestane av klassemessige grunnar skulle ta avstand frå den siste når dei levde så med i den første. Det same kan seiast om embetsstanden elles.

Lærarane ligg jamt med gardbrukarane og så vidt over den store gruppa av handelsmenn. På allment grunnlag veit vi at lærarane i større grad enn andre samfunnssjikt var målfolk. Det gjeld generelt i folkeskolen, men spesielt i folkehøgskolen. I nylaginga av namn er mål-ideologien ingen merkbar faktor, sjølv om Aasen og andre la opp til at mål og namn skulle gå hand i hand.



Vidar Haslum (2007: 38) viser at namnebruken på Agder ikkje følger målpolitiske liner, men snarare kan ytre seg som ein motpol, der andre ting enn språket styrer. Det er enda eit korrektiv til den tradisjonelle oppfatninga som Aarset og Stemschaug målber.

Biletet er i det heile uryddig under ein språk- og kulturpolitisk synsvinkel. Skal ein unngå altfor partikulære forklaringar, må ein òg sjå på andre faktorar. Med visse atterhald samsvarar namngjevinga først og fremst med geografi og samfunnstype. By og kyst skaper mest, innlandet langt mindre (jf. Haslum s.st.). Det same gjeld for avleiingsmøten eit hundreår før. Dermed ser det ut til at eit utoverretta, opent og rørleg nærings- og kulturliv er gunstig – om ikkje nødvendig – for nyskapande namngjeving. Eg tør iallfall hevde at dette er eit sentralt moment til ei forklaring.

## Litteratur

- Bru, Ludv[ig] 1905: *Norske folkenamn med tydingar*. Voss.
- Bru, Ludv[ig] 1913: *Norske folkenamn med tydingar*. 2. utg. Kristiania.
- Folketellingen i Norge 1 desember 1910. Første hefte. Folkemængde i Rikets forskjellige administrative inndelinger m. v. 1 desember 1910*. Utgit av Det Statistiske Centralbyraa. Kristiania 1912.
- Haslum, Vidar 2007: Navneskikk og personnavn-utvikling i Birkenes, Herefoss og Vegusdal. *Birkenes Historielag. Årsskrift* 26. 17–59.
- Huseby, Olaf 1891: *Norsk Navnebog indeholdende 300 Kvinde- og 500 Mandnavne*. Kristiania.
- Huseby, Olaf 1895: *1000 norske Døbenavne med korte Forklaringer af deres Betydning*. Kristiania.
- Kristoffersen, Gjert 2015: *Innføring i norsk fonologi*. 4. utg. Bergen.
- Kruken, Kristoffer 2012: Kjeldebruken i *10 001 navn* – eit kritisk innlegg. *SAS* 30. 161–64.
- Kruken, Kristoffer 2013: Nylaga fornamn i norsk 1750–1949. Tom Schmidt (red.): *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. 93–101. Oslo.
- Kruken, Kristoffer 2016: Namngjeving, heimedåp og prestemakt i P.A. Munchs tid. *NV* 33. 71–82.
- Kruken, Kristoffer 2018: Personnamn i etterreformatork tid. Brit Mæhlum (red.): *Norsk språkhistorie. II. Praksis*. 326–63. Oslo.

- Kvaran, Guðrún og Sigurður Jónsson frá Arnarvatni 1991: *Nöfn Íslendinga*. Reykjavík.
- Lind, E.H. 1905–15: *Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden*. Uppsala–Leipzig.
- Lockertsen, Roger 1982: Nordnorsk målreising 1848–1945. Tove Bull og Kjellaug Jetne (red.): *Nordnorsk. Språkarv og språkforhold i Nord-Noreg*. 247–77. Oslo.
- Munch, P.A. 1854: Fremdeles om Valget af Personsnavne, og Vedligeholdelsen af vore nationale Navne. *Norsk Folke-Kalender for 1854*. 33–44. Optrykt i Kristoffer Kruken (utg.): *Personnamnarbeid av P.A. Munch*. Oslo 2016. 35–46.
- Munch, P.A. 1857: Om Betydningen af vore nationale Navne tilligemed Vink angaaende deres rette Skrivemaade og Udtale. D.s. (red.): *Norskt Maanedsskrift*. 3. 1–64, 122–66, 239–74, 346–73, 438–59, 481–98. Optrykt i Kristoffer Kruken (utg.): *Personnamnarbeid av P.A. Munch*. Oslo 2016. 49–234.
- NPL = Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug (red.): *Norsk personnamnleksikon*. 3. utgåva ved Kristoffer Kruken.
- Stemshaug, Ola 1995: Fornamnet *Vinjar* – opphav og bruk. *NN* 12. 71–79.
- Støylen, Bernt 1887: *Norske døbenavne med deres betydning og oprindelse*. Kristiania.
- Torjusson, Aslak 1977: *Den norske folkehøgskulen. Opphav og grunnlag*. Oslo.
- Vågslid, Eivind 1930: *Norsk navnebok*. Oslo.
- Weise, Lis 1989: *Mine, Dine og Sine*. Kvindenavne på *-ine*. Lena Peterson m.fl. (red.): *Studia Onomastica. Festskrift till Thorsten Andersson den 23 februari 1989*. 415–25. Stockholm.
- Aarset, Terje 1982: Frå den nordiske namnerenessansen til i dag. Ola Stemshaug (red.): *Norsk personnamnleksikon*. [1. utgåva]. 66–92. Oslo.
- Aasen, Ivar 1878: *Norsk Navnebog eller Samling af Mandsnavne og Kvinde-navne*. Kristiania. Optrykt 1912. Ny utgåve ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. Volda 1997. (Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 3.)

## Tillegg

### Nylaga namn i eit utval namnebøker

Dei bøkene som er med, er Munch 1857 (M57), Aasen 1878 (A78), Støylen 1887 (S87), Huseby 1891 (H91) og 1895 (H95) og Bru 1905 (B05) og 1913 (B13). Plussteikn merkjer av forekomst i bøkene, og

kolonnen til høgre viser år og stad for den første bruken. Eg vil gjenta at desse tilfella ikkje er med statistikkane ovanfor. Stjerne i kolonne B13 gjeld namn Bru er usikker på. Kjønn (f, m) er føydd til av meg etter skjønn. Det er særleg viktig for namn på *-rod*, som Bru endrar frå kvinnenamn i 1905 til mannsnamn i 1913.

	M57	A78	S87	H91	H95	B05	B13	Kom i bruk
Adalfus	+							
Adalljot	+							
Adalråd	+							
Adalvard	+							
Agbjørn					+	+	+	
Agfinn				+	+			
Agfred					+	+	+	
Agfrid					+	+	+	
Agmod	+							
Agrun					+	+	+	
Agstein					+	+	+	
Agvard					+	+	+	1916 Haram MR
Agvild					+			
Alrun	+							
Arnfred	+	+		+	+	+	+	1883 Fitjar HO
Arngils	+				+	+	+	
Arnmund	+							
Arnrod						+f	+m	
Arnvald	+	+		+	+	+	+	1892 Fjaler SF
Arnveig		+	+	+	+	+	+	1908 Ibestad TR
Asbrand					+	+	+	
Asfred	+				+			1904 Fitjar HO
Asfrid	+				+			1899 Oslo OS
Asleik	+				+			
Aslinn	+							
Asrun				+	+	+	+	1892 Vemundvik NT
Astrud		+			+	+	+	
Asveig			+		+			1899 Oslo OS, Åmot HE
Asvild				+	+			
Audfred	+			+	+	+	+	
Audfrid				+	+	+	+	1891 Randaberg RO
Audgunn	+	+		+	+	+	+	1903 Vanse VA
Audleik				+	+	+	+	1924 Eikefjord SF
Audstein		+		+	+	+	+	1885 Nes TE
Audvald					+	+	+	1925 Tjøme VF
Audvard	+	+						1920 Eid SF
Audveig		+	+	+	+	+	+	1908 Tromsø TR
Audver						+	+	
Audvin	+	+		+	+			1904 Hetland RO
Baugdis				+	+	+	+	
Baugfrid				+	+	+	+	
Baughild					+	+	+	

Bauglinn	+								
Baugvard				+	+	+			
Baugvild				+					
Bergfrid			+	+	+	+			1891 Fræna MR
Bergmund				+	+	+			1923 Bjerkreim RO
Bergny			+	+	+	+			1895 Gjøvik OP
Bergstein				+	+	+			1897 Bærum AK
Bjarnar	+			+					1898 slektsnamn?
Bjarndis	+			+	+	+			1860 Bergen HO
Bjarngeir	+			+	+	+			
Bjarngerd	+			+	+	+			
Bjarnleif/-v	+			+	+	+			
Bjarnlinn	+			+					
Bjarnrik	+			+					
Bjarnrod						+f	+m		
Bjarnstein	+			+	+	+			1916 Bud MR
Bjarnvard	+			+					
Bjørgmund		+		+	+	+	+		1893 Lardal VF
Bjørgveig		+		+	+	+	+		1902 Flakstad NO
Bjørnfrid						+	+		
Bjørnlaug						+	+		1935 Bergen HO
Bjørnvald	+	+		+	+	+	+		1885 Drøbak AK
Bjørnveig						+	+		
Bodolv						+	+		
Borgalf			+	+					1906 Skjervøy TR
Borgdis			+	+	+	+			1903 Lavangen TR
Borgfinn				+					1900 Sødorp OP
Borgfrid			+	+	+	+			1899 Rissa ST
Borgrun			+	+	+	+			1899 Bergen HO
Borgstein				+	+	+			berre slektsnamn?
Borgtor				+	+	+			1907 Voss HO
Borgulf		+		+	+	+			1942 Feiring/Eidsvoll
Borgvard				+	+	+	+		AK 1919 Levanger NT
Borgveig				+	+	+			
Borgvild				+					
Botfrid				+	+	+			
Botgjerd				+	+	+			
Botlaug						+	+		
Botny						+	+		
Botvild				+					
Dagbjart	+	+		+	+	+	+		
Dagborg				+	+	+			1897 Kristiansund MR
Daggjerd							+		
Daghild				+					1898 Drammen BU
Dagveig		+	+	+	+	+	+		1898 Grimstad AA
Dagvin				+					1896 Oslo OS
Eingils							+		
Einleiv							+*		
Eldar		+		+	+	+	+		1884 Trondheim ST
Farvald							+*		
Finnstein				+	+	+	+*		1920 Bergen HO

Fjørmund	+						
Folkvald	+			+			
Folkvid			+	+	+	+	1891 Modum BU
Folkvin	+		+	+			
Fredbjørn				+			1945 Skogn NT
Fredborg				+	+		1900 Hurum BU
Fredgunn		+			+		1945 Flakstad NO
Fredhild					+		1915 Frøya ST
Fredveig					+		1928 Oslo?
Freygeir	+			+			
Freyhild	+						
Freyleif	+						
Freyvin	+						
Fridborg				+		+	
Fridgaut	+			+			
Fridgrim				+			
Fridgunn	+		+	+		+	1901 Oslo OS
Fridhild				+		+	1905 Vågan NO
Fridlaug				+		+*	1898 Trondenes TR
Fridleik					+	+	1923 Sande SF
Fridlinn	+						
Fridulf	+			+			1873 Kongsvinger HE
Fridvard				+			1896 Oslo OS
Fridveig				+		+	1913 Innvik SF
Fridvild				+			
Gautfred	+						
Gautvar,f	+						
Gautvar,m				+			
Geirmod	+						
Geirvar	+						
Geirvild				+			1949 Tau RO
Geirvin					+	+	1951 Ulvik HO
Geirvor						+*	
Godfrid				+			
Godrun	+						
Grimvald	+						
Gudalf	+						
Gudar					+	+	
Gudborg			+	+	+	+	
Gudfinn	+						1930-t.? Leirfjord NO
Gudravn	+						
Gulldis		+	+	+	+	+	1898 Lindås HO
Gullfrid			+	+	+	+	1897 Kvam HO
Gullrun		+	+	+	+	+	
Gunnalf	+						1909 Gran OP
Gunnadis		+	+	+	+	+	1894 Andebu VF
Gunnravn	+						
Gunnrid					+	+	1916 Steinkjer NT
Gunnrod		+m	+f	+f	+f	+m	
Gunntrud		+		+	+	+	
Gunnveig		+	+	+	+	+	1883 Strinda ST

Gunnvild				+			
Hagbjørg				+	+	+	
Hagdis					+	+	
Hagfrid					+	+	1923 Gildeskål NO
Hallborg				+	+	+	1897/98 Sørfold NO
Hallgunn	+		+	+	+	+	1909 Stoksund ST
Hallrod					+f		
Hallrun	+	+		+	+	+	1950 Eikefjord SF
Havbjørn				+			
Havhild	+		+	+	+	+	1889 Trondheim ST
Heidbjørg					+	+	
Heidborg					+	+	
Heiddis					+	+	
Heidfrid					+	+	
Heidgunn					+	+	
Heidlaug					+	+	
Heidleiv					+	+	
Heidunn					+	+	1960-t. RO?
Heidvor					+	+	
Hergard		+	+	+	+	+	1898 Bergen HO
Hergest/-gj-	+	+		+	+	+	
Herrick			+	+	+	+	
Hertrud		+	+	+	+	+	1900 Stavern VF
Herveig	+	+	+	+	+	+	
Hildefrid				+	+	+	1907 Fauske NO
Hilderun					+	+	1912 Balsfjord TR
Hjalmgunn						+	+
Hjalmulv							+
Hjørbjørn	+			+			
Hjørbrand	+			+	+	+	
Hjørgeir	+			+			
Hjørlaug					+	+	1920 Ørlandet ST
Holmfred		+	+	+	+	+	1889 Drammen BU
Hugborg					+	+	
Hugfrid					+	+	
Huglaug					+	+	
Hugleiv				+	+	+	
Hugny					+	+	1949 Naustdal SF
Hugveig					+	+	
Hugvor					+	+	
Hunfrid					+	+	
Håvor						+	+
Idbjørg					+	+	1908 Vegårshei AA
Ingetrud	+						
Inggard	+	+		+	+	+	1881 Bergen HO
Inghild	+	+		+	+	+	1883 Oslo OS
Ingveig		+	+	+	+	+	1895 Grimstad AA
Isgeir	+						
Ishild					+	+	1943 Bergen/Hareid MR
Jarldis			+	+			1899 Lånke NT
Jarlfrid			+	+			1895 Finnøy RO

Johild					+	+	1944 Innvik SF
Joveig		+	+	+	+	+	1893 Skage NT
Kårik		+			+	+	1918 Stryn SF
Lidborg					+	+	1914 Askvoll SF
Lidny					+	+	1912 Lenvik TR
Lidtrud					+	+	
Lidunn					+	+	1917 Stavanger RO
Lidvald		+	+	+	+	+	1880 Brandval HE
Lidveig			+	+	+	+	1891 Drøbak AK
Lidvin		+	+	+	+	+	1884 Rendal HE
Lidvor					+	+	1891 Ålesund MR
Ljodbrand	+						
Magndis					+	+	
Magnfred	+						1878 Oslo OS
Magnfrid				+	+	+	1897 Oslo OS
Magnny					+	+	1918 Stranda MR
Magntrud					+	+	
Magnvor					+	+	1913 Alvdal HE
Munhild		+	+	+	+	+	1902 Vefsn NO
Munveig					+	+	1925 Lavik SF
Måttfred	+						
Måttild	+						
Måttulf	+						
Noralf			+	+			1894 Tynset HE
Norgerd			+	+			1903 Dypvåg AA
Norodd			+	+	+	+	1896 Trondheim ST
Norveig			+	+			1898 Moss ØF
Oddfred	+						1904 Hen MR
Oddgest	+			+			
Oddhild		+	+	+	+	+	1883 Rendal HE
Oddulv					+	+	1922 Trondheim ST
Oddveig		+	+	+	+	+	1886 Elverum HE
Oddver			+	+			
Ragnljot	+						
Ragnmund	+						
Ragntrud	+						
Ravngeir	+						
Ravnulf	+						
Ravnvald	+						
Reidalf	+	+	+	+	+	+	1904 Notodden TE
Rikøy					+	+	
Ringolf	+						1868 Tjøme VF
Ringvin	+						
Rodvald	+			+			1894 Lierne NT
Rogeir		+	+	+	+	+	1902 Kristiansund MR
Rollaug			+	+	+	+	1894 Røyken BU
Rådfrid					+	+	
Rådgunn		+	+	+	+	+	
Rådild					+	+	
Rådlaug					+	+	
Rådunn					+	+	

Salborg			+	+	+	+	
Salfrid			+	+	+	+	1899 Oslo OS
Salgunn	+			+	+	+	
Sallaug					+	+	
Salrun	+	+		+	+	+	
Saltrud					+	+	
Salveig	+	+	+	+	+	+	
Salvor					+	+	
Sigdis	+	+	+	+	+	+	1894 Hisøy AA
Sighild	+		+	+	+	+	1901 Kristiansand VA
Sigunn					+	+	1906 Borge NO
Sjovard					+	+	
Sjoveig		+					
Skjoldfrid			+	+	+	+	1906 Ibestad TR
Skjoldvard	+		+	+	+	+	1894 Oslo OS
Solbjørg				+			1891 Trondheim ST
Solfrid			+	+	+	+	1891 Oslo OS
Solgerd				+			1896 Bergen HO
Steinmar						+	*
Steinmund	+						
Steinrod				+	+	+	
Styrlief	+	+		+			
Svanborg				+			1909 Stathelle TE Stoksund ST
Svanfrid			+	+	+	+	1898 Råde ØF
Svangjerd				+	+	+	
Svanheid			+	+	+	+	
Svanveig	+	+		+	+	+	
Sæfrid				+	+	+	
Sægunn	+			+	+	+	
Tjodfinn				+	+	+	
Tjodlinn	+						
Tjodrun		+		+	+	+	
Tjodveig		+	+	+	+	+	
Torfred	+	+	+	+	+	+	1883 Fet AK
Ulvstein	+						
Ulvunn					+	+	
Ulvvald					+	+	
Unndis			+	+	+	+	1897 Oslo OS
Unnfrid			+	+	+	+	1897 Oslo OS
Unngjerd			+	+	+	+	finst, elles uvisst
Unnhild					+	+	1917 Hamre HO
Unnlaug					+	+	1916 Nesna NO
Unnveig					+	+	1934 Smøla MR
Valbjart	+						
Valdbjørg	+						
Valdbjørn	+						
Valdgeir	+						
Valdny	+						
Valgeir	+						1925 Målselv TR
Valgrim	+						



Valgunn		+		+	+	+	+	
Valrun		+	+	+	+	+	+	
Valtrud		+		+	+	+	+	
Vehild	+	+	+	+	+	+	+	1901 Hornindal SF
Veleik		+	+		+	+	+	1940-t.? Uviss stad
Veulv	+	+		+	+	+	+	
Vilbjørn					+			1946 Drammen BU
Vilgrim		+	+	+	+	+	+	
Vilgunn		+	+	+	+	+	+	1913 Sortland NO
Vilmod		+	+	+	+	+	+	
Vilrid		+	+	+	+	+	+	1898 Trondheim ST
Vilrun		+	+		+	+	+	1901 Strinda ST
Vilstein		+			+	+	+	
Viltrud		+		+	+	+	+	
Øyhild		+		+	+	+	+	
Øynty/Ey-	+						+	1879 Voss HO
Øyrun		+	+		+	+	+	1906 Oslo OS
Øytrud		+			+	+	+	
Øyveig		+	+		+	+	+	
Åleif	+	+					+	1893 Drammen BU
Årborg				+	+	+	+	
Årfinn				+	+			1897 Trysil HE
Årfrid				+	+	+	+	1897 Oslo OS
Årgeir				+	+			1897 Vefsn NO
Årgunn		+			+	+	+	1901 Røst NO
Årny				+	+	+	+	1901 Trondheim ST
Årriid		+		+	+	+	+	1904 Frosta NT
Åsfrid				+	+	+	+	1901 Stor-Elvdal HE
Åsstein							+	
Åstrun						+	+	1915 Trondheim ST
Åstvin						+	+	
Åsveig				+	+	+	+	1899 Vefsn NO
-----								
Totalt	94	80	53	98	195	204	218	
-----								
Originale	94	61	4	41	54	63	11	

Dei fleste namna i Munch 1857 er anten postulerte norrøne namn (som da ikkje finst) eller former som skal vise korleis eit germansk namn ville ha sett ut om det hadde funnest i norrønt. Munch tenkte ikkje på nylaging, men sidan han i praksis skapte nye namn, set eg dei opp. Aasen 1878 har nokre namn frå Munch, men lagar dei fleste sjølv. Støylen 1887 tek nesten alt etter Aasen. Eit stort sprang kjem med Huseby 1891 og 1895. Brorparten av namna i 1891 finst i Munch, Aasen og Støylen, men Huseby lagar òg mange sjølv. I 1895 fører han 1891-lista vidare, med tillegg av både eldre og originale namn. Bru

ligg på nivå med Huseby i 1905, men byggjer lite ut i 1913. Når eit namn først er skapt, kjem det som regel med i seinare bøker.

Lista inneheld 332 namn (tvikjønnna *-rod*-namn er rekna dobbelt). Det er vel 58 prosent kvinnenamn og knapt 42 prosent mannsnamn. Skilnaden heng saman med at norrønt har færre kvinnenamn enn mannsnamn. Når nettet av koplingar skal fyllast ut, blir det derfor flest nye kvinnenamn. Nesten halvparten (148) av dei nye namna i bruk. Flest er identiske med originalnamna i Aasen (37) og Huseby 1891 (37), deretter følgjer Munch (28), Bru 1905 (26) og Huseby 1895 (25), og til sist Støylen (2) og Bru 1913 (1). Men sidan namna gjerne går att i desse bøkene, treng dei ikkje å stamme frå den første boka, eller faktisk ikkje frå noka bok i det heile – det kan vera ein spontan idé på allmenn grunn. Måler vi bruksraten frå originalbelegg til første repetisjon (eventuelt ingen), får vi desse tala: Munch 10, Aasen 7, Huseby (1891) 8, Huseby (1895) 16 og Bru (1905) 6.

Påverknaden etter den første repetisjonen er uråd å måle. Eit namn som *Vilgunn* (i bruk frå 1913) står både i Aasen, Støylen, Huseby (begge) og Bru (begge), men noko godt kriterium for å peike ut éi bok framfor dei andre har vi ikkje. Tidsavstanden kan vera eit vink at gjentakninga(ne) er viktigare enn originalen. Dei mange seine nedslaga frå Munch vil såleis indikere at andre formidla det han hadde skapt. Mine observasjonar tyder på Huseby nådde lengst både med eigne og andres namn. Det stemmer godt med salet av bøkene, sjå pkt. 2 i artikkelen.

Framlegga inneheld berre ledd frå norrønt, ingen nye som *Ed-*, *Jon-* eller *Nil-*. Alle namn har to tydelege ledd; avleiingar finst ikkje. Nokre av forledda vann godt fram, t.d. *Aud-*, *Lid-*, *Nor-*, *Unn-* og *År-*, men ledd som *Ag-*, *Baug-*, *Bjarn-*, *Bot-*, *Heid-*, *Hug-*, *Råd-* og *Sal-* fengde ikkje. Bortsett frå *Ag-* og *Bjarn-* gjeld desse i alt vesentleg kvinnenamn. Varianten *Sol-* vart langt meir populær enn det historisk *Sal-* (pkt. 3.2.2 ovanfor). Lista inneheld 20 ulike etterledd i kvinnenamna og 34 i mannsnamna. Dei vanlegaste er *-frid* (26 framlegg), *-veig* (25), *-hild* (17) og *-run* (14) i kvinnenamn og *-fred* (10), *-vald* (10), *-geir* (9), *-stein* (9) og *-vard* (9) i mannsnamn. Desse fekk mange nedslag i bruken, men ledda *-trud* (11) frå Munch, Aasen og Bru (1905), *-vild* (8) frå Huseby, *-linn* (5) frå Munch og *-rod* (5) frå Huseby og Bru fall dårleg ut – berre eitt namn på *-trud* og eitt på *-vild* kom i bruk, og *-linn* og *-rod* vart ikkje ensa i det heile.